


Menighetsbladet

2008-41. årgang
Nr. 6 Julenummer
2008



Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 6 gonger i året.

Redaksjonskomité:
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Ingrid Lotsberg Nordås
Anne Marie Østevik (kontaktperson)

Framsidefoto:
"Frøyland og Orstad kyrkje"
Einar Egeland

Layout: Linda Aanestad

Trykk: Jærbladet

Postadresse:
Menighetsbladet
- Postboks 101
- 4358 Kleppe

- Telefon: 51 78 95 55
- e-post:
menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Neste nummer kjem ut 4. februar.

**STOFF MÅ LEVERAST
INNAN 12. JANUAR!**

**Opningstid på
Klepp kyrkjecontor
i samband med
Jul og nyttår:**

**23.12. Kl. 08.30 – 12.30
24. – 28.12. Stengt
29. – 30.12. Kl. 08.30 – 12.30
31.12. Stengt
02.01 Kl. 08.30 – 12.30**

Menighetsbladet

KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse:	Kleppevarden 2, 4352 Kleppe
Postadresse:	Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon:	51 78 95 55
Telefaks:	51 78 95 50
e-post:	kontor@klepp-kirken.no
e-post Menighetsbladet:	menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside:	www.klepp.kyrkja.no

KONTORTIDER

Måndag, tysdag og torsdag:	08.30 - 14.30
Onsdag:	08.30 - 12.30 og 17.00 - 18.30 (etter avtale)
Fredag:	08.30 - 12.30

Frøyland og Orstad kyrkjecontor:

Besøksadresse:	Orstadvegen 2, 4356 Kvernaland
Postadresse:	Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon:	51 42 65 21
Telefaks:	51 42 65 26
Heimeside:	www.minkirke.no/fok

Kontortider:

Tysdag og torsdag: 09.00-12.00

Bore kyrkje	51 42 22 52	
Soknerådet, Nikolai Homme	51 42 00 77	900 53 744
Frøyland og Orstad kyrkjelyd		
Soknerådet, Asbjørn Ueland	51 48 76 13	934 82 747
Klepp kyrkje	51 42 16 39	
Soknerådet, Svein Olav Nesse	51 42 34 86	920 22 874
Orre kyrkje	51 42 23 46	
Soknerådet, Bjørn Borgen	51 42 86 94	900 19 534

TELEFONLISTE ANSATTE:

Navn	Direktenummer	Privat
Kyrkjeverge, Per Gaute Liland	51 78 95 60	412 66 042
Sekretær, Anne Marie R. Østevik	51 78 95 59	902 00 503
Sokneprest, Andreas Haarr	51 78 95 51	51 42 38 41
Sokneprest, Åsmund Steinnes	51 78 95 52	402 01 978
Sokneprest, Arnt Askildsen		51 66 97 33
Prest, Jarle Minnesjord	51 78 95 54	970 66 145
Prest, Frode Helvig		986 03 405
Kantor, Bodil Fagerheim (vikar)	51 78 95 58	930 33 924
Organist, Ove Byberg	51 78 95 58	926 67 300
Musikalsk leiar, Hilde Svela		482 45 034
Diakon Kjellaug Marie Steinskog	51 78 95 56	917 08 036
Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes	51 78 95 53	450 48 726
Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte	51 78 95 57	478 70 004
Menighetspedagog, Hildegunn Undheim		911 81 578
Ungdomsarbeidar, Helen Hetland Mori		412 02 272
Ungdomsarbeider, John Lende		917 14 048
Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning	51 78 95 57	900 35 471
Kyrkjetenar Bore, Johannes Byberg jr.		464 16 040
Kyrkjetenar Orre, Marit Hetland		51 42 89 03
Klokkar Bore, Terje Idsø		51 42 18 09
Klokkar Orre, Bjørn Borgen		51 42 86 94
Klokkar Orre, Knut Terje Noraberg	51 11 18 38	928 38 378
Dagleg leiar Frøyland og Orstad, Åsa Thorstvedt	51 42 65 21	915 70 690

Ny ungdomsarbeider i Klepp sokn – Daniel Lyngstad

Ettåring Johnny Herigstad reiste dessverre til Oslo i starten av oktober. Det var synd å miste Johnny, men vi er veldig glade for å ha fått med Daniel i ungdomsteamet! Daniel er en kjemperessurs med et stort hjerte for Jesus. Han er 18 år og har jobbet på Coop Mega siden 1852 (i alle fall så lenge noen kan huske) og er en kjent person på Klepp. Vi er veldig glad at Daniel fra 1. Nov gikk inn i en 20 % stilling som ungdomsarbeider i Klepp sokn. Han vil bl.a. jobbe inn mot Opptur, Klekk og Stresslezz, med hovedansvar for det sosiale og for det tekniske.

Vi ønsker Daniel lykke til i stillingen og ber deg være med å be for han.



PRESTENS *hjørne*

"Prestens hjørne" kaller vi denne spalten. En spalte for innsyn i prestens tanker om ulike ting. Vi nærmer oss jul og i den forbindelse kom jeg på et par pauliord. Jeg takker alltid min Gud for dere og ber for dere med glede.

En slik holdning bør vi alle ha overfor innbyggerne, venner og naboer i Klepp. Spesielt nå opp under Jul. Paulus ba for sine: at deres kjærlighet må bli mer og mer rik på innsikt og dømmekraft, slik at dere kan forstå og avgjøre hva som er viktig.

Hva er viktig? Et spørsmål jeg stiller til meg selv av og til, for ofte går livet sin vante gang: "Det går på det jabna". Av og til trenger vi noen vakkere om hva som er viktigst i livet? Paulus ba om innsikt og dømmekraft for å skjelne hva som var viktig? Å tenke langsigktig og framtidsrettet er avgjørende i mange situasjoner.

Mennesket har en evig verdi. Å investere i gode relasjoner mellom mennesker er derfor langtidsrettet, fremtidsrettet, og basert på god dømmekraft. Kanskje du i tiden før jul skal vise noen spesiell oppmerksomhet. En eller to personer som du vet setter pris på noen minutter i telefonen eller et besøk. Da blir du kanskje en person som noen gleder seg over og takker Gud for, slik Paulus opplevde med sine frender for nesten 2000 år siden.

God Jul alle sammen.

Jarle Minnesjord





Kjære lesarar!

I haust var eg så heldig at eg fekk meg ein tur til Oman. Det var ein fantastisk gild tur og eg sit att med mange fine opplevingar og mange gode minner. Landet vert kalla "Arabia sin juvel" og med god grunn. Oman har ein utruleg fin kombinasjon av eldgamal kultur, eit generøst og gjestfritt folk og ein fantastisk rik natur, alt frå mektige fjell og åsar til lange strender, ørken og oasar. Oman er styrt av ein sultan og landet har om lag tre millionar innbyggjarar som i hovudsak er muslimar. Sidan 1970 har Oman vore inne i ein enormt stor moderniseringsprosess, utvikla og bygd opp ein moderne og flott infrastruktur, skulevesen, helsevesen, hotell, restaurantar og butikkssentra som bognar av alle slags varer. Landet er svært rikt på olje og folket såg ut til å trivast og å ha det godt.

Likevel, var det noko heilt vesentleg som mangla i Oman. Kva tenkjer eg på då? Jau, eg tenkjer på Evangeliet. "De har ein fin liten juvel her på Jæren som de må ta godt vare på" sa riksantikvaren til meg ved oppstarten av restaureringa av Orre gamle kyrkje. Så sant, så sant! Her har Evangeliet om Jesus Kristus vorte forkjent i meir enn 800 år og kyrkja har gjennom alle desse åra også vore ein god samlingsplass for bygdefolket både i glede og i sorg. Orre gamle kyrkje, "juvelen" er vel verd å ta vare på også for komande generasjoner.

I Oman har dei moskear. Kvar bygd og kvar by har ein eller fleire moskear, utruleg fine og store byggverk som er utruleg godt vedlikehaldne. Noreg er og eit rikt land, og etter turen min i Oman ser eg kor mykje flinkare dei er i Oman å ta vare på sine moskear enn me er til å ta vare på våre kyrkjer. "Kyrkjebygga i Noreg står til forfalls" vart det nyleg skrive i avisene våre. Eg tykkjer det er svært trist å sjå så mange kyrkjer stå til forfalls grunna "dårleg økonomi" eller låg "prioritering" frå det offentlege. Kyrkjene, Guds hus, burde ha første priorititet når det gjeld drift og vedlikehald!

Ei spanande og utfordrande tid ligg føre oss i Klepp prestegjeld. Ei ny kyrkje i Frøyland og Orstad sokn er snart ferdig. Arbeidet med å få kyrkja ferdig har stort sett gått etter planen og kyrkja skal vigslast sundag 14. desember. Eit flott byggverk. Ein stor takk til kommunane Time og Klepp for løvvde midlar, takk til våre leverandørar av varer og tenestar, men mest av alt ein stor takk til alle dei som på frivillig basis i heile denne tida har stilt på dugnadsarbeid eller vore med i gjeveratenesta. Utan dykk hadde det umoglege ikkje vore mogleg! Velkommen til kyrkja på Frøyland og Orstad, kor kyrkjelyden har som visjon å vere utrustande, inkluderande, tilbedande, tenande og evangeliserande. Her skal det vere plass til alle. Forventningane er store, framtida vil vise om også denne kyrkja vil verta ein "juvel" på Jæren.

Noko av det finaste me kan lese om i Bibelen i Jula er frå Lukas evangeliet, det som også er kjent som "Juleevangeliet". Med Juleevangeliet vil eg ynskje dykk alle
God Jul og Godt Nytt År!

Beste helsing
Per Gaute Liland
kyrkjeverje

*Likevel, var det noko heilt vesentleg som mangla i Oman. Kva tenkjer eg på då?
Jau, eg tenkjer på Evangeliet.*

Juleevangeliet

Lukas 2:1-20

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davids byen, som heiter Betlehem, for han høyrd til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der saman med Maria, som han var trulova med. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for dei fann ikkje husrom nokon stad.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på markene og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmel hær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i!»

Då englane hadde fare tilbake til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrd på, undra seg over det gjetarane fortalte. Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende tilbake. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.



Magisk

PÅ SELE BEDEHUS

Lørdag niende august to tusen og åtte. Klokka er tre. Salen på bedehuset er pyntet, bordene er dekket og alle setene er oppatt med unntak av to. Ordføreren er her, en leder fra søndagsskolen er her sammen med generalsekretæren fra misjonsalliansen og ellers sitter familie og venner til Kåre og Henny og venter spent på det som skal skje.

Æresgjesten selv og Kåre er på en helt vanlig biltur sammen med to av vennene. De legger for moro skyld veien om Sele der Henny bodde tidligere. Hm – men utenfor bedehuset er det fullt av biler og flagg ved inngangsdøren. De går inn, og Henny blir stående i

døren inn til salen. Hun sier ingen ting, men legger merke til at ordføreren sitter der inne sammen med mange andre gjester i fine klær. Hun blir tydelig skeptisk. Henny har ikke for vane å la være å snakke, men i dag går det lenge før hun sier noe. Henny og Kåre setter seg på de to ledige setene rett ved ordfører Elfin Lea. Harald Sevland tar ordet, ønsker velkommen og avslører litt av det som nå skal hende. For Henny har fremdeles ikke åpnet munnen og noen av oss lurer på om belastningen for henne kan bli for stor – tåler Henny all denne oppmerksomheten uten å vite hva som egentlig skal skje?



Øyeblikk

Endelig får ordfører Elfin Lea ordet og han kommer raskt til saken. Vi er samlet her for å markere at Henny skal få kongens fortjenestemedalje i sølv for en ualminnelig lang og utholdende tjeneste. Henny kom til Sele midt på 60-tallet. Like etter gikk det en vekkelse over distriktet og siden da og like fram til for et par år siden har Henny utført utrettelig, samfunnsviktig arbeid.

Hun startet som leder av Sele søndagsskole i januar 1965, og var leder der i 25 år. I 20 år har hun vært formann i Sele Indremisjonsforening. Januar 1967 startet hun som leder av Sele jenteklubb, og er leder der fortsatt. Videre har hun alltid vært medhjelper i styret for Sele bedehus. De siste 4 år før hun flyttet, var hun formann.

«Nå er vi to!» sier hun til Karen Sele som også er blant gjestene. Karen fikk den samme fortjenestemedaljen for noen år siden. To damer fra vesle Sele!

Venner og familie hadde ordnet med rikelig med mat, kaffe og saft. Etter hvert som jubilanten fikk bevisstheten tilbake, steg humøret og vi kunne glede oss sammen i et par timer. Ingunn Fjermedal fra søndagsskolen takket for den trofaste innsatsen. Generalsekretær Arnt Jepstad fra misjonsalliansen holdt andakt og understreket også at det er trofaste slitere som Henny som gjør det norske misjonsengasjementet så rikt.

Vi gleder oss alle sammen med Henny, gratulerer! Fortjenestemedaljen er fortjent.

“

Henny har ikke for vane
å la være å snakke, men
i dag går det lenge før
hun sier noe.



Vi treng oasar i kvardagen

- Eg skulle ønske at kyrkja kunne vere ein motpol i det materialistiske samfunnet! Det er kantorvikar i Klepp, Bodil Fagerheim, som kjem med dette hjartesukket når ho vert utfordra til å dele nokre tankar med Menighetsbladet. Den mest hektiske tida i året nærmar seg for henne. Førjulstid og jul inneber mange timer på orgelkrakken.



Tenk om gudstenestene i adventstid og jul kan vere ein oase for den som kjem. Ei oppleveling der ein kan kjenne høgtid og verte henta ut av det vanlege

Ute ular kald hautsvind. Sola prøver fortvila å bryte fram, men vert vekselvis avbroten av hagl og store regndropar som driv mot dei ærverdige vindauga i Kleppkyrkja. Inne møter varmen meg i det eg kjem opp på galleriet der Bodil Fagerheim øver ved det store pipeorgelet. Eg lurer på om ho er ofte her i kyrkja åleine?

- Som musikar må eg øve jevnt og trutt. Det krev eigendisiplin og kantorjobben kan til tider kjennast einsam. Når eg utøver sjølv jobben er det ofte i samanhengar med fleire menneske tilstades, det er det folk ser, men det er mykje førebuing. Eg jobbar med kvar salme eg skal bruke og syng dei gjerne sjølv når eg jobbar med improvisasjonar som kan understreke teksta. Ein musikar kan samanliknast med ein idrettsutøvar. Sluttar ein å trene, er ein snart ute av dansen. Fast jobb kan verke hemmande for kunstnaren i meg. Eg må bruke tid på å tømme hovudet før eg kan få til ei god øving. Det er ei utfordring for kyrkja å tilrettelegge for dyktige musikarar. På dette området som på mange andre, ville eg så gjerne at kyrkja skulle vere ein motpol i samfunnet der profitt så lett får makt. Det kostar å ha folk tilsett, men eg veit at musikk kan gje verdifulle opplevingar. Musikk kan nå inn der ord vert fattige, salmar kan av og til nå lenger inn enn ein tale.

Bodil snakkar ikkje berre utfrå ein musikar sitt synspunkt. I tillegg til musikkutdanning har ho studert jorunalistikk, pedagogikk og sykepleie. Som utøvande sjukepleiar tok ho av og til med seg pasientar i kyrkja for å gje dei musikk og den estetiske opplevinga kyrkjerommet kan gi.

- Eg såg at opplevinga gjorde noko med dei. Det travle samfunnet fører med seg at det er vanskeleg å vere mottageleg. Vi må skape tid og rom for slike opplevingar. Dessverre oppdagar mange dette for seint. Ofte må vi oppleve sjukdom eller andre tøffe utfordringar som set oss litt ut, før vi skjørnar verdien av å stoppe opp og lytte til musikk eller å verdsette det som er rundt oss. Mangt eit menneske har fortalt om musikken, bibelteksta eller salmen som hjalp dei å overleve gjennom prøvingar. Når alvorleg sjukdom rammar er det ikkje den nye fine sofaen som betyr noko, men kven eg er som menneske og kva eg kan dele med eit anna menneske. Som kyrkje må vi tørre å seie stopp og ikkje vere med inn i det materialistiske jaget. Vi har den beste bodskapen i verda og den kostar ikkje pengar. Kyrkja må gå inn å tilby det vi har i alle kyrjelege samanhengar og ikkje la kyrjelege handlingar drukne i tilbod frå gravferdsbyrå og dyre festar og stas i bryllaup og konfirmasjonar. Eg kjenner på at kyrkja har late seg rive med og vorte ein del av noko i samfunnet som ikkje er godt for menneska. Vi må vere ein oase der det som ikkje kan omsettast i pengar rår. Jesus viste omsorg for den enkelte. Det har eg lyst til å vere ein formidlar av. Eg vil at kunsten skal understreke det. Kan eg gi noko til den enkelte så er det godt for meg.



Som kantor er du ei viktig brikke for julestemninga for mange. Korleis er julehøgtida for deg?

- Sjølv er eg ikkje så bunden av tradisjoner. Eg er opptatt av at vi tilrettelegg slik at vi tek vare på kvarandre. For meg handlar det ikkje om å få med meg det som eg alltid har gjort for at julestemninga skal vere der. I jobben som kantor kjem eg ikkje utanom at det vert mykje jobbing knytta opp mot jul. Kyrkja legg opp til mykje mas i denne perioda. Mange menneske skal innom for å få julestemninga på plass. Kanskje me heller kunne få skulelevane innom i ro og fred andre tider i året. Eg er redd for at julafra handlar mykje om tradisjonar der vi heseblesande hastar frå tantebesøk til gudsteneste og vidare til julemiddag før gåvene tek resten av julekvelden. For meg er det eit dilemma å vere ei brikke i dette spelet. Det er fint at folk kjem i kyrka, men eg kjenner at det er noko som skurrar i meg. Eg skulle ønske at besøket i kyrkja ga ei oppleving utover at det er ein tradisjon som skaper julestemning. Tenk om gudstenestene i adventstid og jul kan vere ein oase for den som kjem. Ei oppleving der ein kan kjenne høgtid og verte henta ut av det vanlege. Det er mitt ønske at alle, også den som slit med livet sitt, kan kome i kyrkja å kjenne at her er det godt å vere,- her kan den enkelte hente næring i ein hektisk kvardag.

Anne Håkonsholm

EN PERSONLIG OPPLEVELSE SOM

forandret livet mitt



Torbjørg Håland Lekve,
10. Klasse
Klepp ungdomsskule

Livet er heldigvis fullt av gode opplevelser. Det kan for eksempel være turen jeg hadde til Hellas i sommer, bøker jeg har lest, jentekvelder med mye latter eller hyttetur med familie. Men det er ikke alle opplevelser som forandrer livet. Nå skal jeg dele en helt personlig opplevelse, en opplevelse som har forandret mitt liv og ikke minst min personlighet.

Da jeg gikk i 9. klasse skulle jeg konfirmeres. I konfirmasjonstida skulle vi velge en gruppe som vi ville tilhøre. Jeg valgte KRIK-gruppa. På Krik hadde vi forskjellige idretter, men KRIK handlet ikke bare om idrett, men også om Jesus. På hver KRIK-samling hadde vi en andakt der lederen ba, snakket litt om Jesus og leste fra Bibelen. KRIK var annenhver lørdag. Det var obligatorisk å gå en gang i måneden, men siden jeg syntes det var kjekt, gikk jeg hver gang. Jeg husker spesielt første gangen jeg skulle på KRIK. Jeg grudde meg litt og gledet meg litt, og jeg må innrømme at jeg hadde noen sommerfugler i magen. Men, det skulle vise seg å være helt uten grunn. Alle KRIK-medlemmene var koselige, og jeg opplevde at de snakket hyggelig med meg. Det gjorde at jeg følte meg veldig velkommen på KRIK!

I konfirmasjonstida fikk jeg også vite om Ungdoms foreningen, UF, et treff der ungdommer samles på Bedehuset. KRIK og UF arrangerer flere turer i året. Jeg har vært med på flere av disse turene. Den jeg husker best er turen til Ryfylke. Trolig fordi dette var den første turen jeg var med på, men også fordi der ble jeg bedre kjent med mange av de som går på UF og KRIK. Slik kjente jeg meg inkludert og en del av miljøet.

Jeg har aldri vært knyttet til et kristent miljø, og jeg må innrømme at jeg aldri har tenkt så mye på hva det vil si og være en kristen. Før konfirmasjonstida startet var jeg ikke en spesielt kristen person, men jeg vil ikke si jeg var "ukristen" heller. Jeg var redd for at folk skulle si eller tro noe stygt om meg dersom jeg sa at jeg trodde på Jesus, eller at jeg var en kristen. I løpet av konfirmasjonsåret lærte jeg en del om hva det vil si å være en kristen. Jeg har

dessuten lært at jeg ikke skal være redd for å vise hva jeg tror på, og at jeg heller ikke skal være redd for å si at jeg er en kristen. Nå ser jeg på meg selv som en god kristen, og jeg er ikke redd for å stå for det jeg tror på. Jeg ser opp til de som er kristne, og har stor respekt for de som tar egne valg.

Jeg har hatt et ekstremt bra år som konfirmant, og de som skal være konfirmanter dette året må bare glede seg noe sinnsykt. Hvis en er villig til å lære mer om Jesus og kanskje bli en kristen så kommer konfirmasjonsåret til å bli noe en ikke glemmer. Konfirmasjonsåret mitt har i alle fall vist meg en retning for livet mitt og gjort meg tryggere på meg selv.

Jeg er nå Klekk-leder for de som er konfirmanter, og det er helt konge! En Klekk-leader er en som skal være sammen med konfirmantene og passe på at de har det bra, samtidig som jeg kan fortelle hvordan mitt år som konfirmant var. Jeg får bli med på turer sammen med konfirmantene, bli kjent med nye mennesker og snakke med dem hvis det er noe de lurer på både når det gjelder kristen tro og det å være ungdom. Det er en person som har bidratt til at dette har blitt en god opplevelse. Karsten har vært en veldig god kateket, gitt meg veiledning og styrke. Han er veldig flink med ungdommer, han vet hva han skal si for at vi ungdommer skal forstå dette med kristendommen bedre. Når han forteller om Jesus og snakker om utdrag fra Bibelen, får han det til å virke så logisk. Han får oss også til å bli nysgjerrige slik at vi vil vite mer. Karsten er en humoristisk person og det bruker han mye når han skal fortelle fra Bibelen. Karsten har fått meg til å føle meg tryggere på meg selv og min tro, det har forandret mitt liv!

NYTTÅRSFEST



Er du mellom 13 og 20 år har vi et glimrende forslag til hva du kan gjøre på nyttår!! BLI MED OSS PÅ NYTTÅRSFEST PÅ KLEPP BEDEHUS! Det blir underholdning, mat, fyrverkeri og mye god gang. La oss kort nevne: Daniel og Tore, nye kåringar, hjemmelagde underholdningsfilmer, duell Bore vs Klepp.

Festen starter på Klepp bedehus kl.20.00 og fortsetter utover kvelden. Vi legger opp til at de som vil kan gå på midnattsgudstjeneste i Klepp kirka. **Prisen på 250 kr inkluderer god mat, underholdning og et sosialt vennetreff du sent vil glemme!** **Påmelding** skjer ved innbetaling av 250 kr til konto: 3290 07 78170 – merk Nyttår og "ditt navn". Giro deles evt ut på på UG og UF. Etter rakettoppskytingen blir det et lite møte inne hvor vi lovsynger, ber og får høre noen gode ord. Så sleng på deg sminken, unge dame, og hiv på deg slipset, spretne mann, så snakkes vi på **KLEPP BEDEHUS 31. DESEMBER KL 20.00!**



Her er nyttårskomiteen. De er med på å hjelpe til og få kvelden din til å bli uforglemmelig og god! Her ser du gjengen i full planlegging av scene bygging, pynting, damene og herrenes tale, hvilken musikk og hvilken mat vi skal ha for kvelden.

Informasjon fra Klepp Sokneråd

Klepp menighet oppretter stiftinga KLEPP NYE KYRKJE

På menighetsmøtet i Klepp menighet, søndag den 26. oktober vart det vedteke at ein ynskjer å opprette ei stifting for å arbeida vidare med prosjektet – Klepp nye Kyrkje. Soknerådet skal med det første laga statuttar for denne stiftinga, før der vert valt eit stiftelsesstyre. Det er ei spanande tid me no går inn i. Spanande om ein klarer å realisera denne nye kyrkja og spanande om ein klarer å reise nok eigenkapital til å starte arbeidet.

Klepp sokneråd og Klepp kyrkjelege fellesråd har skreve ein intensjonsavtale på kjøp av ny tomt, og ein ynskjer no at denne tomta vert regulert inn i neste kommuneplan til ny kyrkje på Kleppe.

DUGNAD

Soknerådet har fått spørsmål om å hjelpe til som kundeveiledere for NSB, saman med Frøyland og Orstad kyrkjelyd. Arbeidet startar etter påske og vil vare i ca eit halvt år (når jernbanen vert stengd). Me treng folk i alle aldrar og til delte vakter i ca 16 timer pr. døgn. Me set opp vakter og du får full opplæring. Me vonar mange kan tenke seg å vera med på denne oppgåva. Inntektene vil gå til den nye kyrkja som ska byggjast.

Gje melding til kyrkjekontoret ved Anne Marie på tlf. 51 78 95 59 om du kan tenke deg å hjelpa til.
Elles kan nærmare opplysningar fåes av Svein Olav Nesse mob. 920 22 874.

Takk for at du vil vera med!

HØSTTAKKEFEST

MED KIRKEKAFFE I ORRE KIRKE



Høsttakkefest med flott pynt fra Orre bygdekvinnelag.



Søndagsskolen syng, inspirert av Sissel Paulsen.



Fest og glede satte et tydelig preg på gudstjenesten i Orre kirke søndag 19. oktober. Bygdekvinnelaget sto for pyntingen, og særlig vakkert var det flotte arrangementet av korn og grønnsaker. Det var fint plassert foran alterringen og minnet oss om den gode og grøderike sommeren som vi hadde fått oppleve.

Med ekte humør og engasjement framførte søndagsskolen sanger som de hadde øvd godt på. Og de voksne i kirkebenkene måtte også være med på kjente bevegelsessanger.

«Hvem er så min neste?»

Jarle Minnesjord gikk ikke opp på talerstolen for å holde prekenen, men samlet barna omkring seg framme ved alteret. Her fikk vi høre en tekst i fra Lukas 10. Kort sagt kom det en lovkyndig til Jesus som helst ønsket å få høre at det sto godt til med ham. Men Jesus kom med et svar som han slett ikke likte, i form av en lignelse. De unge tilhørerne satt musestille. Her handlet det om å hjelpe andre, ja ikke bare det. Vi skulle enda til hjelpe dem som vi ikke likte.... de som var upopulære. På bildet fra prosjektøren kunne vi se illustrasjonen. Mannen som hadde falt i hendene på røvere lå i veikanten. To andre hadde bare gått forbi uten å bry seg. Men nå fikk den skadde hjelp av en samaritan. En samaritan ble av de lovkyndige sett på som uren. «Gå du bort og gjør likeså» sa Jesus til slutt til den lovkyndige – og til oss.

Etter gudstjenesten sto bygdekvinnelaget klar med kaffe. Bak i kirken fikk vi bruke noen nye, vakre bord og stoler. De var sikkert godkjent av riksantikvaren, for de gled så fint inn i helheten at de kunne godt ha stått der siden kirken ble bygget.

Gudstjenestedeltakerne gled etter hvert ut i det vakre søndagsværet.

Anne Håkonsholm

Til venstre:
Anne Kyte Moi, Jarle
Minnesjord og Bjørn Borgen
ønsker velkommen til
kyrkjekaffe i Orre kirke ved
dei nye stolane og borda
som erstattar dei to bakerste
benkane.



"Når han styrer båten, så går det så bra".

SØNDAGSSKULENS DAG I BORE KYRKJE

Søndag 28. september var det duka for søndagsskufest i Bore kyrkje. Bore søndagsskule og Bore kyrkje søndagsskule gjekk saman med Jarle prest for å feira søndagsskulens dag.

Det vart ei gudsteneste stort sett utforma som ein søndagsskuletime.

Mykje planlegging og øving låg bak, og barna fekk vist korleis ei samling ser ut med "Sprell levande" opplegget. Det var mykje sang, dramatisering av

bibelteksta:" Peter og fiskefangsten", forbøn og filmframstilling. I tillegg var barna med og dekorerte kyrkja med fiskar i nettet. Dei eldste barna, hjelpeiarane, hadde dessutan bakt velsmakande kaker og "fiskebollar" til kyrkjekaffien i kyrkestova etter gudstenesta.

Denne søndagen vart prega av mykje liv og røre. Og både liten og stor såg ut til å kosa seg.

Elin Anita Garpestad



Dei største barna/hjelpeiarane var med på forbønsdelen.



"Uff, ingen fiskar i garnet nå heller"

Gudstenester

KLEPP KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

30.11. 1. sønd. i advent. Familiegudsteneste med dåp. Utdeling av 4-års bok. Avslutning dåpsskulen. Speidarane deltek. Offer til KFUK/KFUM. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim.

07.12. 2. sønd. i advent. Gudsteneste med nattverd. Tomasmesse. Offer til menighetsarbeidet. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim.

14.12. 3. sønd. i advent. Julekonsert kl. 19.00.

21.12. 4. sønd. i advent. Gudsteneste med dåp. Jul i ord og tonar. Offer til menighetsarbeidet. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim.

24.12. Julaften. Familiegudsteneste kl. 14.00. Klepp Skulekorps. Offer til Kirkens Nødhjelp. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim.

24.12. Julaften. Familiegudsteneste kl. 15.15. Knut Magnus Bøen, fløyte. Offer til Kirkens Nødhjelp. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim.

24.12. Julaften. Familiegudsteneste kl. 16.30. Knut Magnus Bøen, fløyte. Offer til Kirkens Nødhjelp. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim.

25.12. 1. Juledag. Gudsteneste med dåp. Klepp Mannskor. Knut Magnus Bøen, fløyte. Offer til ny Kyrkje i Klepp. Andreas Haarr. Bodil Fagerheim.

2009:

01.01. 1. Nyårsdag. Gudsteneste med nattverd. Offer til menighetsarbeidet. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.

04.01. Kleppe bedehus kl. 10.30. Nattverd. Offer til løn av ettåring. Andreas Haarr.

11.01. Gudsteneste med dåp. Offer til NMS. Andreas Haarr.

18.01. Gudsteneste med nattverd. Offer. Andreas Haarr.

25.01. Gudsteneste med dåp. Offer. Jarle Minnesjord.

01.02. Kleppe bedehus kl. 10.30. Nattverd. Offer til Bibelselskapet. Andreas Haarr.

08.02. Gudsteneste med dåp. Offer. Jarle Minnesjord.

BORE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

30.11. 1. sønd. i advent. Familiegudstjeneste med dåp. Bønnevandring. Offer til NMS - Misjonsprosjektet i Meiganga. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

07.12. 2. sønd. i advent. G2. Nattverd. Søndagsskule. Utdeling av 4-års bok. Offer til menighetsarbeidet. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

24.12. Julaftangudsteneste kl. 14.00. Offer til Kirkens Nødhjelp. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

24.12. Julaftangudsteneste kl. 15.15. Offer til Kirkens Nødhjelp. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

24.12. Julaftangudsteneste kl. 16.30. Offer til Kirkens Nødhjelp. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

25.12. 1. Juledag. Høgtidsgudsteneste. Dåp. Offer til menighetsarbeidet. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

28.12. Gudsteneste med nattverd. Offer til Familie og Medier. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

31.12. Nyårsaften. Gudsteneste kl. 23.00. Offer. Andreas Haarr. Ove Byberg.

2009:

04.01. Gudsteneste med dåp. Misjonssøndag. Søndagsskule. Offer til NMS. Åsmund Steinnes.

11.01. Familiegudsteneste med dåp. Utdeling av 4-års bok. Offer. Åsmund Steinnes.

18.01. G2. Nattverd. Sundagsskule. Offer. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

25.01. Kulturvelds kl. 19.00.

01.02. Gudsteneste med dåp. Sundagsskule. Offer. Åsmund Steinnes.

08.02. Familiegudsteneste med dåp og nattverd. Offer. Åsmund Steinnes.

ORRE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

30.11. 1. sønd. i advent. Familiegudsteneste med dåp. Myldremesse. Offer til Søndagskolen i Orre. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

14.12. 3. sønd. i advent. Gudsteneste med nattverd. Offer til Israelsmisjonen. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.

24.12. Julaften. Familiegudstjeneste kl. 15.00. Barnekoret synger og korset spiller. Offer til Kirkens Nødhjelp. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

25.12. 1. Juledag. Gudsteneste med dåp. Projektkor. Offer til Menighetsarbeid. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

2009:

04.01. Gudsteneste med nattverd. Offer. Jarle Minnesjord. Bjørn Borgen.

18.01. Gudsteneste med dåp. Offer. Taler fra NMS. Jarle Minnesjord. Bjørn Borgen.

01.02. Gudsteneste med nattverd. Offer. Jarle Minnesjord. Bjørn Borgen.

KYRKJESKYSS



Klepp Kyrkje:
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

Orre Kyrkje:
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

Frøyland - Orstad kyrkjelyd:
Ring kontoret:
tlf. 51 42 65 21

TEKSTANE

23. s. e. pinse, 19.10.:

Matt 18,15-20; Esek 33,7-11; Ef 4,30-32

Bots- og bededag, 26.10.:

Luk 13,23-30; Jes 55,6-7; Gal 6,7-10

Allehelgensdag, 02.11.:

** T Åp 21,1-7; Jes 60,18-22; Matt 5,13-16*

26. s. e. pinse, 09.11.:

Luk 17,20-30; Am 4,6-8.12-13; 1 Tess 5,1-5

27. s. e. pinse, 16.11.:

Matt 13,31-33; Sal 98; 1 Kor 15,24-28

Siste søndag i kirkeåret, 23.11.:

Matt 25,1-13; Jes 51,11-15; Åp 22,12-17

1. søndag i advent, 30.11.:

** Jes 62,10-12 Rom 13,11-14; Matt 21,1-9*

2. søndag i advent, 07.12.:

Luk 21,25-33 Mal 3,17-4,2a; Rom 15,4-7

3. søndag i advent, 14.12.:

Matt 11,2-10 Jes 35,3-10; 1 Kor 4,1-5

4. søndag i advent, 21.12.:

Joh 1,19-27 Jes 52,7-10; Fil 4,4-7

FRØYLAND OG ORSTAD

14.12. Kl. 10.30. Vigslig av Frøyland og Orstad nye kyrkje.
Offer til nytt kyrkjebygg.

21.12. Kl. 17.00. "Me syng jula inn"

24.12. Kl. 14.30. Julafoten.
Familiegudsteneste. Arnt Askildsen.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

24.12. Kl. 15.30. Julafoten.
Familiegudsteneste. Arnt Askildsen.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

24.12. Kl. 16.30. Julafoten.
Familiegudsteneste. Arnt Askildsen.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

25.12. Kl. 12.00. Gudsteneste med nattverd. Arnt Askildsen. Offer til Misjonsprosjekt Beit Eliahu-menighet i Haifa.

2009:

Kl. 10.30. Gudsteneste.
Arnt Askildsen. Offer.

18.01. Kl. 10.30. Gudsteneste.
Arnt Askildsen. Offer.

25.01. Kl. 10.30. Gudsteneste.
Arnt Askildsen. Offer.

01.02. Kl. 10.30. Gudsteneste.
Arnt Askildsen. Offer.

08.02. Kl. 10.30. Gudsteneste.
Arnt Askildsen. Offer.

KLEPP STASJON

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

30.11.

Tema: "Lys i mørke! Bønnebussen som bringer lys".
Einar Fevang. Nattverd.
Kraftgjengen; Bornas gudsteneste.

07.12. (Flytta fra 14. des.)

Tema: "Rydd en veg for Herren".
Sølve Salte. Kraftgjengen; Bornas gudsteneste.

14.12. Kl. 10.30 i Frøyland og Orstad nye kyrkje. Vigslig av Frøyland og Orstad nye kyrkje.

Offer til nytt kyrkjebygg.

24.12. Julafoten. Familiegudsteneste kl. 15.30. Julekor og julespill.
Offer til Kirkens nødhjelp.

2009:

11.01. Gudsteneste
Tema: Tannpirker og Rambukk.
Tekst: Sak. 4,6 m. Frode Helvig.

25.01. Gudsteneste

Tema: Alle mann på dekk! Visjonen om barn og ungdom på Klepp.

08.02. Gudsteneste Temaserie 1/4:
Fadervår og fastetid.

Velkommen til Julekonsert

i Klepp kyrkje søndag den
14/12 kl. 19.00.

Luciaopp tog ved Kor Teater. Elevar fra Klepp kulturskule, Skulekoret fra Jæren folkehøgskule, Klepp Damekor og Klepp Mannskor. Gaven i år går til "Barneavdelinga ved S.U.S."

Arr.: Klepp bygdekvinne lag i samarbeid med Klepp sokneråd.



Nokre tanka

Neppe nokon høgtid rører slik ved kjenslene våre som jula. Jula er ikkje den eldste av dei religiøse høgtidene våre, men ho er nok den som ser ut til å appellera mest til oss og å engasjera oss. Ikkje for ingenting finn me strofen "og julen varer helt til påske". Nå er den jo mest begynt i november, så det er tydeleg at mange vil halda på dei gode kjenslene som jula gjev oss – og det så lenge me kan.

"I dag er det fødd dykk
ein Frelsar", sa engelen
til hyrdene. Dette vesle
ordet dykk seier noko
vesentleg, nemleg at
Jesus er komen for oss,
at han bryr seg om oss
og vil vera Frelsar for
oss uansett kven me er.
